



Referat frå elevrådsmøte 4.09.2015

Desse møtte ikkje: Thea og Melina frå 3.kl og Kristian i 7A

Nytt og godt: No er vi i gang med første møtet vårt.

Saker:

- 1. Godkjenning av referat.** Vi har hatt informasjon og kurs for mellomtrinnet måndag og småskuletrinnet tysdag.

- 2. Oppfølging av saker:**

Alle fekk i « lekse» å finne ut kva for yoghurt klassane ville ha.

Dei som ikkje hadde fått gjort det, skulle legge inn ein lapp til meg om kva klassen stemte på. Dei eg har fått inn blir to som får flest stemmer (2store, 2 små), vert bestilt

Eg har berre fått inn ein lapp.

Då vert det bestilt: Stor Bringebær(Zero?) og stor Skogsbær

og liten jordbær og liten vanilje

Merk : Det ser ikkje ut som det er så stor interesse for yoghurt no. Det går lite. Lageret er fullt. Sjekk i klassane kor mange det er aktuelt for, så vi ikkje vert sitjande med eit lager som går ut på dato. Då taper vi mykje pengar. Det vert ikkje bestilt nytt før det vi har no går ut på dato.

- 3. Saker frå klassane:**

1. Mange klasser treng nye baller. Ta opp i klassen: Kva for ball treng vi? (2stk.)
2. Smartboard og tavler: 2. Klasse meiner det er på tide at dei får tavle og smartboard i klasseromma sine.

3. Ballbinga: Er det greitt med same fordeling som i fjor?

4.klasse har gleda seg til å få tildelt eigen dag. Etter vi fekk den nye bana, går mange ned der. Det fungerer slik no at alle frå 4.- 7. er i lag alle friminutt. Det går veldig bra. Slik ønskjer vi å ha det, men det er forståing for 4. klasse sitt ønskje.

Vedtak: 4.klasse har binga aleine på mandagar. Dei andre dagane spelar alle frå 4. -7. ilag.

4. Dissane og taubana må fiksast.

Dissen er ikkje gøy lenger. Det er nesten ikkje sving i den. Så er den så høg, at det er vanskeleg å komme opp på.

Taua må bli lenger, og svingen djupare.

Taubana må strammast opp. Den går heilt ned i grusen, og stoppar der. Det er umulig å komme over heile bana. Ikkje noko stas.

Det er generelt for få utfordringar i friminutta.

Kari tek problemet opp med rektor.

5. Vi må få bruke meir av skogen og gresset. Det er der det er kjekkast å være. På asfalten er det kjedeleg.

Vedtak: Vi må ta ein runde og sjå på korleis vi kan bruke dei ulike plassane, og kva vi treng for at det skal bli kjekt å leike der.

6. 7.klasse ønskjer eit område for seg sjølv, uten at småskuletrinnet kjem bort.

Rampen utanfor Sørigard er 7. klasse sitt område.

Dei frå småskuletrinnet (1.,2.,3. og .) skal ikkje gå lenger bort enn leikeplassen med klatretårnet.

7. 6.klasse manglar spegel på guttedoen. Dei må gå på jentedoen for å sjå seg i spegelen.

5.klasse meiner det må vere feil på speglane på doene i deira garderobe. Dei er lause. Det datt over ein ein dag.

Dette må det sjekkast opp i. Kari noterer til vaktmeister.

NB! Nytt møte torsdag 10.09 i siste time. 7.kl har ansvar for ryddinga.

Referent: Kari Sol